



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:
202415400

Vår ref:
2025/2703-135
Ane Dorthea Lundberg Nordlie, vassmiljø
Ove Holseng, kulturarv - arkeologi

Dato:
09.04.2025

Høyrings svar: Høyring av søknad om utvida vassuttak frå Olevatn, Øystre Slidre kommune

Bakgrunn

Me vise til brev motteke 11. februar. Øystre Slidre kommune søker om løyve til å auke vassuttaket frå Olevatn frå dagens 25 liter per sekund til 40 liter per sekund, og med eit maksimalt uttak på 75 l/s i kortare periodar. Det blir i tillegg søkt om løyve til å utvida reguleringa med 20 cm. Det er i samband med økt regulering nødvendig med ein ny vassleidning, som vil leggjast rett aust for Oleåni.

Fylkeskommunen etterspurde utsett høyringsfrist med bakgrunn i stor saksmengda, men fekk aldri noko svar. Vi sender difor høyrings svaret etter høyringsfristen.

Fylkeskommunen si tilbakemelding

Vassmiljø

Tiltaket vil påverke Olevatn (vassførekomst 012-579-L «Olevatnet»), Oleåni (vassførekomst 012-1945-R «Javnin bekkefelt») og sidevassdrag til Olevatn (vassførekomst 012-326-R «Olevatnet, bekkefelt til»). Både Olevatn og Oleåni har god økologisk tilstand, mens bekkefeltet til Olevatn er blitt registrert med svært god økologisk tilstand. Vatnet har ein god bestand av aure, og fleire av sidevassdraga er viktige gytebekkar med gode tettleikar av ungfisk.

Vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan

Olevatn er registrert med god økologisk tilstand, og oppnår difor miljømålet fastsett i regional vassforvaltningsplan. Som det blir påpeika i søknaden, blir det i utgangspunktet ikkje tillate tiltak som vil resultere i ein negativ påverknad på miljøtilstanden i vassdraget. Olevatn er regulert frå før av, men fylkeskommunen meiner likevel reguleringa potensielt kan forringe miljøtilstanden i vatnet (frå å vere ein naturleg vassførekomst til å bli ein sterkt modifisert vassførekomst). Ei ytterlegare reguleringa vil også kunne påverke vatnets funksjon for fisk og andre ferskvassorganismar. Vi meiner det difor må gjerast ei vurdering av vassforskrifta § 12, noko som manglar i søknaden. Dette er ei vurdering tiltakshavar skal gjere i si utredning.

Omsyn til fisk

Postadresse:
Postboks 4404
Bedriftssenteret
2325 Hamar

Besøksadresse:
Innlandet fylkeskommune
Parkgata 64
Hamar

Telefon: +47 62 00 08 80
E-post: post@innlandetfylke.no
Internett: www.innlandetfylke.no
Org.nr.: 920717152

I søknaden blir det forklart at ei senking av vasstanden kan påverke grunnare parti i vassdraga, inkludert potensielle gyte- og oppvekstområde. Vidare står det «*Tilløpsbekker er registrert som fungerande gyte- og oppvekstbekkar, og det føreligg ikkje nok kunnskap om bekkanes utforming til å kunne utelukka at senking i vasstanden i Olevatn kan resultere i vandringshindre/barrierar for oppvandrande fisk.*» Fylkeskommunen meiner det er for dårleg kunnskapsgrunnlag knytt til korleis sidevassdraga og viktige funksjonsområde vil bli påverka av ein ytterlegare regulering, og meiner vidare at denne utfordringa må gjerast betre reie for før det fattast vedtak i saken. Vidare er fylkeskommunen bekymra for korleis ei ytterlegare senking vil påverke Oleåni og Javnin. Javnin er også fiskeførande, og Oleåni er dokumentert til å vere ei viktig gyteelv for aure. Vi meiner det må bli gjort ei vurdering av den samla belastninga på fisk i vassdraget som resultat av reguleringsendringa, og at søknaden bør innehalde fleire avbøtande tiltak som kan betre den negative påverknaden på eventuelle gyteområde.

Fysiske inngrep

Der det er nødvendig med fysiske inngrep i vassdraget, forutset vi at områdene blir restaurert tilbake til naturlik tilstand i etterkant. Anleggsarbeid bør skje i perioden 15 juni – 15. september, for å ta omsyn til gyteperioden for aure. Revegetering som beskrive bør vere ei føresetnad.

Naturmangfald

Det er registrert funksjonsområde for fjellrype i tett nærleik til vatnet. For mykje aktivitet i disse område i sårbare periodar kan resultere i øydelegging av områdene si funksjon for fugl. Ein bør difor unngå anleggsverksemd i mai-juni.

Bygg og landskap

Det er fleire SEFRAK-bygningar som er registrert rundt Olevatn. Sidan det er søkt om å senke vasstanden ytterlegare, vurderast det at tiltaket ikkje vil påverke bygningane negativt.

Automatisk freda kulturminne

Som det også kjem fram av utgreiingsarbeidet av tema kulturminne, er det førekomst av automatisk freda kulturminne i området det skal gjerast tiltak. Det er kolgroper og jernframstillingsplassar som ligg innanfor eit avgrensa område som utgjør eit kulturmiljø. I utgreiinga står det at ingen av kulturminna vil bli direkte ramma av inngrep. Me minner likevel om at tiltak innanfor dette området kan verka skjemma for opplevinga av kulturmiljøet. Me ber derfor om at tiltaket blir utført så skånsamt som mogleg i forhold til skjemming av kulturmiljøet.

Dersom det likevel viser seg at det blir vanskeleg å gjennomføra tiltaket utan at kulturminna eller sikringssonene deira blir direkte ramma, må det søkjast om dispensasjon etter kulturminnelova § 8, første ledd.

Me har sjekka høgdedata (LIDAR) over området og ser at kartfesting av kulturminna stemmer bra med faktisk plassering.

Me har god oversikt over kulturminna i området, og dei skal i utgangspunktet ikkje bli direkte ramma. Me vurderer derfor at det ikkje er nødvendig å gjennomføra arkeologisk registrering i denne saka. Me gjer likevel merksam på at dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter. Jf varslingsplikt i kulturminnelova § 8 andre ledd, skal melding snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Innlandet

fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

Konklusjon

Fylkeskommunen saknar ei vurdering etter vassforskrifta § 12, og meiner difor at vurderinga gjort etter vassforskrifta i søknaden ikkje er dekkande nok. Søknaden gjer heller ikkje godt nok greie for påverknaden uttaket vil ha på fisk og andre ferskvassorganismar, både i sjøve vatnet og i tilløps- og utløpsbekkar. Slik vi ser det er kunnskapsgrunnlaget (jf. Naturmangfaldlova § 8) ikkje godt nok, spesielt med tanke på sidevassdrag og gytebekkar, og vi meiner det bør gjennomførast ytterlegare kartleggingar og vurderingar. Vi saknar ei vurdering av den samla belastninga på vassdraget, samt fleire avbøtande tiltak som kan minimere dei negative konsekvensane av tiltaket. Om NVE likevel veljar å godkjenne søknaden slik han føreligg, meiner vi det må bli satt krav om varetaking av viktige sidevassdrag (i form av biotopforbetrande tiltak), slik at rekrutteringa til aurestammen i Olevatn ikkje blir øydelagt. I tillegg bør det vere krav om at ein økt regulering ikkje vil påverke Oleåni og Javnin negativt. Det bør bli fastsett eit vilkår om gjennomføring av tiltak i perioden juli – september, for å ta omsyn til både fugleliv og fisk i vassdraget. Me føreset at tiltaket ikkje vil påverke kulturminne, og gjer merksam på at ei direkte berøring av kulturminne vil krevja dispensasjon frå kulturminnelova § 8, fyrste ledd.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfald

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I INNLANDET
ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE